



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

2/2009

Desember • Årgang 16



Rett frå dunken

Ruteendringar i romjula

Både i Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Tysnes kommunar vert det ruteendringar for bosbilen i romjula. Årsaka er at tømmedagar fell på rørelege heilagdaggar. Nye tømmedagar går fram av tømmekalenderen for 2009. Merk at i kommunane Austevoll, Bømlo, Kvinnherad og Tysnes vert enkelte ruter køyrde før vanleg tømmedag.



Tømmekalender 2010

Tømmekalenderen for 2010 kjem i posten i løpet av eit par veker. Ta vare på den. Kalenderen viser kva for veker det er tømning av rest, bio og papir i din kommune, og kva som skjer når tømmedagen fell på ein røreleg heilagdag. Kontakt SIM, tlf. 53 45 78 50, dersom du ikkje har fått kalenderen før årsskiftet. Tømmekalenderen kan også lastast ned frå www.sim.as.

Store endringar på gang



Frå energigjennvinningsanlegget i Rådalen i Bergen. Restavfallet frå SIM-kommunane vil i framtida bli brent i eit anlegg tilsvarande dette og energien i boset utnytta.

Foto: BIR

Mesteparten av restavfallet som i dag vert lagt på bosplassen i Svartasmoget, vil i framtida vil bli køyrt til eit forbrenningsanlegg i inn- eller utland. Kor, er ikkje avgjort enno. Transport og brenning av boset skal setjast ut på anbod.

SIM sine abonnentar vil merka lite til endringa. Dei skal sortera i tre dunkar som før. Svartasmoget skal ikkje avviklast, men aktiviteten vil gå kraftig ned. SIM skal byggja omlasteanlegg og miljøsentral på Heiane på Stord. Les meir på side 2 og 3.



Refleks på bosdunkane

Hjå SIM får du refleksstriper til å klistra på bosdunkane. Refleksane er meint å gjera dunkane godt synlege i mørkret, slik at det vert mindre fare for trafikkarlege situasjonar på tømestaden. Refleksane får du på SIM sine miljøsentralar, eller du kan tinga dei på e-postadressa sim@sim.as.

Ekstrasekk for julebaset

Det kan vera lurt å sikra seg nokre ekstra bossekke før jul. Ekstrasekkene får du kjøpt på miljøsentralen eller kommunehuset for kr 40 per stk. Sekkene kan setjast ut den dagen det er tømning av restavfall hos deg og vil då bli tekne med av bosbilen. Andre typar bossekke vil ikkje bli tekne med.



Julegåvepapir er restavfall

Julegåvepapir og pakkeband skal kastast i restavfallsdunken og ikkje i papirdunken. Årsaka er at gåvepapir er gjennomfarga og inneheld for lite fiber til at det kan gjennvinnast til nytt papir.

Slamtømming i 2010

I 2010 skal SIM tømme septiktankar i Austevoll, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Tysnes kommunar. Tømminga i Austevoll gjeld kun heilårshus. I dei andre kommunane vert det tømning både for heilårshus og fritidshus. Abonentane får informasjonsblad i posten når det nærmar seg tømning.



Ole Andreas Endresen tømmer slam for SIM. I bakgrunnen Svein Malvin Marås.

Restavfallet til forbrenning

Ein gong til neste år vil restavfallet ditt bli sendt til forbrenning i inn- eller utland i staden for å bli kasta på avfallsplassen i Svartasmoget.

Kor baset til slutt vil ta vegen, er ikkje avgjort. Transport og brenning skal setjast ut på anbod. SIM samarbeider med andre renovasjonsselskap om anbodsgrunnlaget.

Regjeringa har vedteke at alt restavfall som har meir enn 10 % organisk innhald, skal brennast. Målet er å utnytte energien i avfallet betre og å få ned mengda av metangass som slepp ut frå avfallsplassane. Påbodet kom i kraft 1. juli 2009. Mange avfallsselskap har fått lov til å deponera nokre månader lenger. SIM er mellom desse. Den viktigaste årsaka til dispensasjonane er at det ikkje er brenne- og transportkapasitet nok til å ta unna baset når alle skal byrja å brenna samstundes.

Avfallsplassen i Svartasmoget vil vera i bruk også i framtida, først og fremst for å ta imot ikkje-brennbar avfall frå næringslivet, men aktiviteten vil gå ned med 80 % samanlikna med i dag.

Omlasteanlegg på Heiane

Før baset kan transporterast til forbrenning, må det lastast om frå SIM sine bosbilar til vogntog. Det vil skje i eit omlasteanlegg; ein stor hall. Baset vil bli tømt på golvet i hallen,

balla saman, lasta på vogntog og køyrt bort. SIM planlegg å byggja eit slikt anlegg på Heiane Vest på Stord.

Framleis tre bosdunkar

SIM sine hushaldningskundar vil merka lite til endringane. Dei skal sortera baset sitt i tre dunkar som før. Det er kun restavfallet som skal til forbrenning. Papiret vil gå til gjenbruk som før, medan bioavfallet skal til Svartasmoget og omgjeras til kompostmold.

Gebyret litt opp

Å brenna restavfall, er dyrare enn å leggja det på avfallsplass. Dermed vil renovasjonsgebyret gå opp. Auken vert på ca 300 kroner per abonnent per år. SIM vil bruka fondsmidlar til å dempa gebyrauken. Først etter tre-fire år vil abonnentane fullt og heilt betala det det kostar å brenna restavfallet.

Nye miljøsentralar

SIM planlegg å byggja ny miljøsentral (gjenvinningsstasjon) ved sida av omlasteanlegget på Heiane. Håpet er at den kan opna i løpet av første halvår 2011. På miljøsentralen kan folk levera avfall dei ikkje får plass til i bosdunkane, eller som dei ikkje har lov til å kasta der.

SIM har også planar om ny miljøsentral på Bømlo. Den vil koma etter miljøsentralen på Heiane.



Foto: BIR

I framtida vil restavfallet frå SIM-kommunane bli brent og energien utnytta. Biletet er frå energigjenvinningsanlegget i Rådalen i Bergen, der bos vert brent og energien brukt til oppvarming av hus.

Prøver plastinnsamling i Fitjar

SIM vil ved komande årsskifte setja i gang eit prøveprosjekt med innsamling av plastemballasje i Fitjar kommune. Innbyggjarane vil få gratis henting av plast i eit halvt år, før ein går over på ei abonnementsordning. Etter prøveperioden vil SIM vurderer om ordninga skal gjerast permanent; ikkje, berre i Fitjar, men også i Austevoll, Bømlo, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

SIM vil prøva å finna ut korleis plasten kan samlast inn på best mogeleg måte, og om abonnentane ynskjer å betala ekstra for å få levert utsortert plast. Det er diverre slik at til meir kjeldesortering i heimen, til dyrare for abonnenten. All den tid norske styresmakter ikkje set krav om plastsortering, vil innsamlingsordninga i SIM-kommunane bli friviljug. Dei som er med, må dela på kostnaden.



Abbonentar i Fitjar vil få tilsendt plastsekker til å samla plastemballasjen i.

Ny transportør i tre kommunar

Renovasjon Øst AS har sidan 1. oktober 2009 henta bos i kommunane Austevoll, Kvinnherad og Tysnes. Firmaet, som er heimhøyrande i Hallingdal, hadde det billigaste tilbodet då boskøyringa vart lyst på anbod. I kommunane Bømlo, Fitjar, Stord og Sveio er det framleis SIM Transport AS som er transportør.

Avgjer renovasjonsgebyret

Kommunestyret avgjer i desse dagar kor stort renovasjonsgebyr du skal betala neste år. Gebyret skal dekkja kostnaden med renovasjonsordninga, korkje meir eller mindre.

Nei takk til reklame

Kontakt SIM dersom du ynskjer å få tilsendt klistrelapp med «Nei takk til reklame» til å ha på postkassen. Klistrelappen er gratis.

Viktig å brøyta og stro

Skal bosbilen kunna køyra trygt, er det viktig at vegen vert måka og strødd ved snøfall. Renovasjonsforskriftene pålegg eigar/bruksrettsinnehavar av privat veg ansvar for vedlikehald av vegbanen, grøfter og andre innretningar knytt til vegen. Dette inneber også brøyting i full vegbreidd og strøing av glatte parti. Også snuplassar må måkast og strøast.

Sjåføren kan la vera å køyra strekninga dersom han meiner vegbanen er for glatt, eller han meiner vegvedlikehaldet er så dårleg at det kan oppstå fare for personar eller utstyr.

Glatte vegar

Det finst nokre få stader bosbilen uansett ikkje kan køyra når det er glatt. I slike tilfelle vil abonnenten ikkje få tømte dunken sin. Som kompensasjon får abonnenten ein ekstrasekk som kan setjast fram på neste tømmedag.



Sendar:

OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget
N-5419 Fitjar



Klasse 4B ved Leirvik skule. Framme f.v.: Iver Fiveland Løkhammer, Bobby Tu Doan, Emilie Hansen Ueland, Emilie Berge Haukefær og Halvor Phillips Stubhaug. Midten f.v.: Ram Andre Fylkesnes, Camilla Bukkøy Larsen, Yvonne Riise, Steffen Kvamme Larsen, Guro Skulstad, Petter Holm Naset og Melisa Kaya. Bak f.v.: Sigurd Søreide, Bjørnar Torkildsen Skorpen, Sondre Tranøy Handeland, Ingrid Hjeltestad Iversen, Shahr Hamaideh, Kristina Vraspillai og Tor Koppang. Ikkje til stades: Anders Nerhus Kristiansen, Marwa Sufi, Sophia Zhichkina og Andrea Dagsland.

Leirvik 4B vann teiknedugnaden

Klasse 4B ved Leirvik skule i Stord kommune vart trekt ut som vinnar av SIM sin teiknedugnad for 2009. Premien, eit gavekort på 2 500 kroner, vart overrekket elevane i klasserommet torsdag 19. november.

500 fjerdeklassingar frå heile Sunnhordland har i år vore på ekskursjon i Svartasmoget for å sjå korleis boset vert behandla, og for å læra om kjeldesortering, resirkulering og berekraftig utvikling. Mange av elevane sende SIM teikningar i etterkant av besøket. Oppgåva var å teikna eit eller anna som hadde med bos behandling å gjera.

Unngå frost i biodunken

Det kan vera lurt å leggja litt strø eller eggekartong nedst i biodunken for å motverka at bioavfallet får frysa fast. Fastfrose bioavfall er vanskeleg å få ut or dunken.

Varsam med dunkplasseringa

Hugs at bosdunkane skal plasserast *ved sida av* vegen, ikkje *i* vegen. Prøv å unngå at dunkane skaper trafikkfarlege situasjonar. Dette er spesielt viktig om vinteren når køyrebane ofte er smalare som følgje av snø.

Opningstider miljøsentralane 2010

Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Bømlo, Hollundsdalen

Måndag, tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Fitjar og Stord, Svartasmoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00.

Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. april – 30. sept.:
Torsdagar kl. 08.00–18.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.
Onsdag før skjærtorsdag ope til kl. 12.00.

Kvinnerad, Husnes industriområde

Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00.

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan stengt.

Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as

SIM